



Kjetil Nepstad  
Grovavegen 87 A  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 17/1188 - 17/18333

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
20.06.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 26/11 Grov

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 06.06.17.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Gjenpart av nabovarsel er ikkje sendt inn og må ettersendast.
2. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen då eigedommen er avsett til LNF-føremål medan tiltaket gjeld bustadføremål. Det må difor sendast inn grunngjeven søknad om dispensasjon frå arealføremålet i samband med byggesaka.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.07.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurð dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing



Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kjetil Nepstad

Grovavegen 87 A    5913

EIKANGERVÅG